



Haugen VVA AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2886 - 19/30304

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.10.2019

Mellombels bruksløyve for veg og VA-anlegg - gbnr 196/4 Midtgård

Administrativt vedtak. Saknr: 580/19

Tiltakshavar: Fløssvika Utvikling AS
Ansvarleg søkjar: Haugen VVA AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.01.2019.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket med unntak av f_SPP3 og f_SPP4 .

Ansvarleg søkjar har stadfesta at tiltaket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Mindre vesentleg arbeid oppgitt som slitelag Agb11 5 cm på SKV1 og snuplass og asfaltering f_SPP1
2. f_SPP3 og f_SPP4

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 04.10.2021.

Det vert elles vist til søknad mottatt 04.10.2019..

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket med unnatak av f_SPP3 og f_SPP4, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring



Bygningstiltak:	Veg og VA-anlegg innanfor reguleringsplanen Fløssvika
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for veg og VA-anlegg på gbnr 196/4 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket med unntak av f_SPP3 og f_SPP4 og mindre vesentleg arbeid, slik skildra, for den del av tiltaket som søknaden gjeld.
2. Ferdigattest skal liggja føre innan 04.10.2021.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2886

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløssvika Utvikling AS
Fløssvika Utvikling AS
Haugen VVA AS
VA-avdeinga
Vegavdelinga

Alvervegen 25 5911
Alvervegen 25 5911
Kanalveien 5 5068

ALVERSUND
ALVERSUND
BERGEN

Mottakarar:

Haugen VVA AS

Kanalveien 5 5068

BERGEN